

FYLKESLANDBRUKSSTYRET

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kristian Eide Jensen, 55 57 21 67

Vår dato
14 OKT. 2008
Dykkar dato

Vår referanse
2008/9913 422.0 KEJ/
Dykkar referanse

Det kongelige landbruks- og matdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 200801349	Doknr.: - 12
Mottatt: 15 OKT 2008	
Saksbeh.: ASR/SEB/	Afrk.: 40
Køst:	AVSKR:

Høyring – forslag om innføring av heimel som gjev fylkesmannen tilgang til å pålegge kommunane rapporteringsplikt i saker etter jordlova og konsesjonslova.

Syner til høyringsnotat frå landbruks- og matdepartementet av 15. september 2008.

Landbruksdirektøren si fråsegn.

Hordaland er eit fylke med stor vekst og næringsaktivitet. Kvaliteten på kommuneplanane er varierende og planane makter ikkje å ta "opp i seg" alle tiltak og aktivitetar som vil komme til å skje innanfor planhorisonten, samtidig som det fortsatt er ein noko skeptisk haldning til planmessig utbygging i distrikta. Som følge av desse forholda med fleire, oppstår det mange dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. I fjor passerte vi til saman 1407 saker i Hordaland – anslagsvis er det 225 saker som gjaldt dispensasjonar i landbruksområda. Dette er omfattande i seg sjølv og set naturlegvis spørsmål ved kommuneplanen som planinstrument.

Gjennom desse sakene får vi eit visst innsyn i kvaliteten på sakshandsaming, arealkvalitetar, ressursar, vurderingar og vedtak i kommunane. Dispensasjonssakene inneheld dessutan gjennomgåande for lite opplysningar om jordlovsvurderinga og til ein viss grad er jordlovsvurderingar og dispensasjonsvurderingar integrert i same saksutgreiinga sjølv om kriteria er, og skal vere, ulike.

Når det gjeld konsesjonssaker har det vorte slik at det no er lokalavisene sine oppslag om konsesjonsvilkår og prisfastsetjing som er våre kjelder. Med utgangspunkt i slike oppslag er det vanskeleg å lage seg eit eksakt bilde av den einkilde sak når vi ikkje kjenner til dei underliggende fakta, men vi har eit bestemt inntrykk av ein forholdsvis liberal haldning til prisspørsmålet i ei rekkje kommunar. Med heimel til å innkalle saker, vil Fylkesmannen få eit betre innsyn i desse sakene og ha mulegheit til å overprøve dei, i den grad vurderinga og vedtak openbert er i strid med nasjonale føringar og bestemmelser.

Vi kan slå fast at vi ser betydelege variasjonar i kvaliteten på det kommunale arbeidet og i særleg grad i presskommunar med små arealreserver i kommuneplanane. Her vert det føreteke disposisjonar som neppe er i tråd med statlege styringssignal og målsettingar. Vi meiner at forslaget om innføring av den nemnde heimel er eit viktig instrument for å få betre innsyn i kvaliteten på – og vurderingane som vert gjort etter både jordlova og konsesjonslova.

Det er tilstrekkeleg at denne heimelen omfattar jordlov og konsesjonslov.

Fylkesmannen i Hordaland er forøvrig røynde med eit slik opplegg, all den tid vi i andre halvdel av 1990-talet gjennomførte eit tilsvarande rapporteringsopplegg for jordlovssaker. Eit knippe kommunar – som for så vidt varierte over tid – sendte fortløpande inn delingssaker etter jordlova til Fylkesmannen. Fylkesmannen gjekk systematisk i gjennom sakene og varsla umiddelbart kommune og parter dersom det var grunnlag for at fylkesmannen ville foreta seg noko i sakens anledning. Dette systemet fungerte utmerket og saker som openbert var i strid med jordlova, vart omgjort. Vårt inntrykk var at våre vurderingar i dei aktuelle sakene vart forstått av både kommunar og parter. Det gav oss også eit betre grunnlag for å ta opp diskusjonen som dette arealtemaet i kommunedialogen.

Omkostningane administrativt er bagatellmessige på sikt, sjølv om det vil koste litt endringar av rutinar innleiingsvis i etableringa av eit slikt system. Vi vil uansett med eit slikt opplegg dempe mengda dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Dette er i dag er rimeleg ressurskrevjande då desse sakene har ei omfattande vandring i ulike organ, før dei eventuelt vert endeleg avgjorde hos settefylkesmann. På sikt trur vi at eit slikt system tvert i mot vil medføre at færre saker som openbert ikkje er i samsvar med jord/konsesjonslovene vert fremma eller dei vert omgjort på eit tidleg tidspunkt i prosessen. Partane vil også tene tidsmessig på at denne typen saker får ein rask avklaring i det offentlege systemet. Ressursbruken vil antakeleg på sikt gå ned og Fylkesmannen vil treffe betre dei kontroversielle sakene.

Vi vil elles peike på kjerneområdekartlegging for landbruket som eit potensielt viktig verkty til å sikre at jordlova sine føremål vert ivareteke. Kjerneområda kan fungera som ein geografisk avgrensing for kva jordlovssaker som skal sendast fylkesmannen. På denne måten vil ein avgrense innsynet i den kommunale handsaminga til område der landbruksverdiane er sterkast. Vi trur at ein slik praksis vil føra til større aksept og forståing hos den kommunale forvaltninga og partane i sakene.

Dersom dette skal vera gjennomførbart bør kjernområdeveileiaren oppdaterast og det må her setjast krav om kartlegging i kvar kommune, samt høyringsrett til overordna organ.

Landbruksdirektøren sitt framlegg til uttale:

Fylkeslandbruksstyret syner til landbruksdirektøren si fråsegn og sluttar seg til denne.

Saka vart handsama i Fylkeslandbruksstyret 08.10.08.

Landbruksdirektøren sitt framlegg til uttale vart her samrøystes vedteke.